



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Frøy Kannert
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06
Telefon ktr.: 22 24 40 37
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv.: 22 55 83 84
Telefon priv.: 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 5. september 1997

NR: 101/97

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM

Som meldt tidlegare har statsministeren avlyst den planlagde valkampvitjinga i Bergen imorgon, laurdag 6. september.

Måndag 8. september er statsministeren i Ålesund. Kl. 08.35 kjem han til Nordvestconsult A/S, der han skal møte dei tilsette og leiinga. Kl. 09.30 kjem han til Høgskulen i Ålesund, der han mellom anna skal sjå på ein navigasjonssimulator, og møte studentane. Kl. 12.25 kjem statsministeren til Seafood Farmer på Vigra, og kl. 13.15 til bedrifta Furnes. Båe stadene møter han dei tilsette og leiinga. Deretter reiser statsministeren til Bergen. Kl. 15.15 møter han representantar for Husflidsforbundet, utanfor Hotell Norge. Om kvelden er han med i valutspørring i TV2.

Tysdag 9. september kl. 10.00 møter statsministeren utanlandskorrespondentane og andre utanlandske pressefolk i Oslo, i Norges Internasjonale Pressesenter på Vestbanen. Om ettermiddagen vitjar han ulike stader i Oslo. Kl. 12.55 kjem statsministeren til Kalbakken eldresenter i Trondheimsvegen 387, kl. 14.10 til Sisiktoppen barnehage, og kl. 15.15 til Arbeidarpartiet sin stand på Økern torg. Kl. 15.30 tek han T-banen til møte på Grønland torg, der han held tale kl. 16.00.

Onsdag føremiddag 10. september er statsministeren på Romerike. Kl. 08.30 kjem han til frukost i Vardeåsen barnehage på Skedsmokorset. Kl. 10.30 vitjar han Sørumsand vidaregåande skule, der han møter elevar og lærarar. Kl. 20.00 er statsministeren på fotballandskamp, mellom Noreg og Sveits, på Ullevaal stadion i Oslo.

Torsdag 11. september er statsministeren i Stavanger. Kl. 10.15. kjem han til Bakers Hughes INTEO, der han møter dei tilsette og leiinga. Kl. 12.00 vitjar han Eldres kafé i Kulturhuset i Stavanger, og kl. 13.30 kjem han til valkamparrangement på Kulturtorget.

Fredag 12. september er statsministeren i Larvik og Sandefjord. Kl. 10.30 vitjar han den mekaniske bedrifta Alfred Andersen A/S i Larvik, der han møter dei tilsette og leiinga. Kl. 12.30 kjem han til Sandefjord vidaregåande skule, der han møter elevane.

Laurdag 13. september er statsministeren i Oslo. Kl. 11.00 kjem han til Linderud senter, kl. 12.00 til Stovner senter. Kl. 13.00 deltek han i valkamparrangement på Lillestrøm torg, og kl. 16.00 på Arbeidarpartiet si valkampavslutning i Folkets Hus i Oslo.